



HJELMELAND KOMMUNE

ÅRSPLAN SFO

Hjelmeland SFO

2026 – 2027

«Me gjer kvarandre gode»



Innhald

1. Innleiing

2. Styrande lovverk, vedtekter og planar

3. Verdigrunnlaget til SFO

4. Fokusområdet 2026-2027

5. Samarbeid med heimen

6. Praktisk informasjon

6.1 Feriedagar

6.2 Tilsette i SFO

6.3 SU- samarbeidsutvalet

6.4 Foreldresamarbeid

6.5 Klede og utstyr

6.6 Opningstida, dagsrytmen, timeplan og rutinar

6.7 Kontaktinformasjon til SFO

6.8 Plan for aktivitetar dette SFO året



1. Innleiing

Vi ønskjer alle barn og føresette velkomne til eit nytt SFO-år!

Hjelmeland skulefritidsordning er eit tilbod for alle elevar på 1.-4. trinn og for elevar med særskilde behov frå 5.-7.trinn. Med utgangspunkt i rammeplanen for SFO skal vi leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Vi gir omsorg og tilsyn i ein trygg og inkluderande kvardag.

Vår visjon på skulefritidsordninga er «*SFO- trygg og god*», og vi følgjar også skulen sin visjon «Me gjer kvarandre gode». Vi skal heile tida arbeida for at SFO er ein plass der barna følar seg inkluderte, trygge og at dei vert sett. Vi skal sjå og utvikla det beste i kvart enkelt barn, og legg til rette for at alle barn skal trivast og oppleve vennskap.

SFO nyttar same lokalar som skulen, og er ein del av skulen sitt læringsmiljø der vennskap og leikeprega aktivitetar er viktige ingrediensar. Dei tilsette er viktige støttespelarar for å legge til rette for dette. Vi er også opptekne av å etablera eit tett og godt samarbeid med føresette.

2. Styrande lovverk, vedtekter og planar

Skulefritidsordninga i Hjelmeland kommune blir driven i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer:

[Opplæringslova § 13-7 Skulefritidsordninga](#) pålegg skulen å ha eit tilbod om SFO før og etter skuletid for 1.-4.trinn og for barn med særskilde behov på 1.-7.trinn. Den seier også noko om mellom anna innhald og tilrettelegging.

[Kapittel 9A Elevane sitt skulemiljø](#) i opplæringslova gjeld også for SFO. Den omhandlar barna si rett til eit trygt og godt psykososialt og fysisk skulemiljø.

[Rammeplan for SFO \(2021\)](#) gir nasjonale føringar for kva verdigrunnlag og kva innhald skulefritidsordninga skal og bør ha.

[Vedtekter for Hjelmeland kommune sine skulefritidsordningar](#) er utarbeida i tråd med § 13-7 i opplæringslova.

Internasjonale konvensjonar gjeld og for SFO, slik som [FN sin barnekonvensjon](#) om barna sine rettar, og [ILO-konvensjonen](#) nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.



Leining

SFO leiar har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret, og står for den daglege leiinga av SFO. Rektor har det overordna ansvaret for SFO, og saman med skulen si leining legg dei til rette for godt samarbeid og samhandling mellom skule og SFO.

3. Verdigrunnlaget til SFO

SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdiar som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa. Verdigrunnlaget skal verte formidla og praktisert i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmåtene. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

Verdigrunnlaget rammeplanen til SFO legg som føring består av følgjande:

- ✓ Barndommen sin eigenverdi
- ✓ Tryggleik, omsorg og trivsel
- ✓ Mangfald og inkludering
- ✓ Skaparglede, engasjement og utforskartrøng
- ✓ Demokrati og fellesskap
- ✓ Berekraftig utvikling

Vi skal vere ein trygg og inkluderande arena der alle barna opplever å bli sett, høyrde og verdsette. Gjennom lek, aktivitet og fellesskap legg vi til rette for utvikling, meistring og gode relasjonar.

Verdigrunnlaget skal vere synleg i det daglege arbeidet i SFO, og ligg til grunn for korleis vi møter barna, organiserer kvardagen og legg til rette for lek og aktivitet.

Verdigrunnlaget i praksis

I Hjelmeland SFO ønskjer vi å skape eit inkluderande fellesskap der alle barn opplever tryggleik, respekt og tilhøyrslø. Dei vaksne skal vere tydelege, omsorgsfulle og til stades i barna sin kvardag.

Vi legg vekt på gode relasjonar mellom barn og vaksne, og arbeidar for at alle skal kjenne seg sett, høyrde og verdsette. Gjennom lek, aktivitet og samarbeid ønskjer vi å bidra til trivsel, meistring og gode opplevingar for barna.

Dette forventar vi frå barna:

- ❖ At dei viser respekt og omsorg for andre
- ❖ At dei bidreg til eit godt fellesskap
- ❖ At dei følgjer beskjedar og reglar i kvardagen

Dette forventar vi av dei vaksne:

- ❖ At dei er trygge og tydelege vaksne- **autoritativ vaksen**

- ❖ At dei møter barna med respekt og omsorg
- ❖ At dei støttar barna i leik, aktivitet og relasjonar
- ❖ At dei bidreg til eit inkluderande miljø

Dette forventar vi av føresette:

- ❖ At vi saman bidreg til eit godt samarbeid rundt barnet
- ❖ At viktig informasjon blir gitt til SFO
- ❖ At barn møter førebudde for dagen og ulike aktivitetar

4.Fokusområder 2026-2027

- ❖ *SFO skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulike alder og med forskjellig funksjonsnivå. SFO skal, gjennomføre innhald og arbeidsmåtar, leggja til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke.*
- ❖ *SFO skal ivareta barna sine interesser og introdusera nye aktivitetar. I tillegg til sjølv å tilretteleggja for aktivitetar kan SFO samarbeida med kulturskulen, lokale lag, foreiningar og organisasjonar for å gjennomføra og organisera innhaldet og aktivitetane. (Utdrag frå Rammeplanen for SFO, Udir: 2021)*

Hjelmeland SFO har eit breitt tilbod til ungane. Me er opptatt av å ivareta enkeltindivid og å opna for medverking når det gjeld innhald og gjennomføring. Me jobbar for å utvikle sosiale kompetanse hos kvart enkelte barn.

Leik er viktig for utviklinga på mange områder. Den sosiale treninga, samhandling, språkutvikling og evna til å bli oppslukt av leiken. For å kunne leike er det avgjerande at borna følar seg trygge og at me vaksne er tilstade og støttar born i inkludering. Me respektera kvarandre og forventar det same av barna.

I SFO snakkar me om at det skal være rom for alle uavhengig av kven man er og kor man kjem ifrå. Me leikar med språk og me opnar for at borna skal få nye erfaringar og nye meistringsområder. Me deler ofte gruppa i 2 eller i 3 og går ulike stadar eller gjer ulike aktivitetar. Det gir ennå meir fokus på enkelt born.

Digitale ressursar

Når digitale ressursar vert nytta i SFO, skal det skje på ein hensiktsmessig og forsvarleg måte, og slik at det kan stimulera barn til utforskande, kreative og skapande samhandling. Det er SFO sitt ansvar å ivareta barn sin sikkerheit og tryggleik på nett, og at reglar for personvern vert følgde. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

- ❖ I SFO nyttar med læringsbretta dersom det har ein pedagogisk verking. Det kan for eksempel vera å sjå på «teiknevideoar» eller «formingsvideoar», der me kan lære oss korleis me kan teikne og lage kjekke ting. Dans og musikk tar me fram for å lære og ha det kjekt. Til dømes Blime dansen. Me tar fram læringsbretta dersom

det er eit tema me har på SFO. Da setter me på videosnutt og lærer om tema.
Barna sitt aldri alene med læringsbrettet, dei vil alltid bli følgt opp av de vaksne.

Alle skulefritidsordningane er forplikta til å arbeida etter desse fire fokusområda i 2026-2027:



Fokusområde 1: SFO som arena for leik

Mål: Me skal leggja til rette for og inspirere til eit god lekemiljø for alle barn.

Vår SFO som arena for dette:

Ved Hjelmeland SFO står friliek i fokus kvar dag. Me legg til rette for eit variert lekemiljø som tek omsyn til barna sine interesser, alder og føresetnader. Nokre barn trivst best med konstruksjonsleik, andre med rolleleik, dokketeater, Barbie eller kreative aktivitetar. Me ser at nye leiker og nytt utstyr ofte inspirerer til nye form for leik og nye relasjonar.

For å støtte leiken organiserer me mellom anna leikegrupper. Dei vaksne si rolle er å observere, støtte og rettleie når det er behov, slik at alle barn får moglegheit til å delta, finne sin plass i fellesskapet og utvikle gode relasjonar.

Hjelmeland SFO er omgitt av flotte uteområde og natur. Me nyttar både skuleområdet, Tarzanjungel, gapahauken og nærområdet rundt skulen aktivt. Her får barna utforske, vere fysisk aktive og skape leik saman gjennom aktivitetar som ballspel, klatring, gjøymseleik, turar og friluftsliv.

Suksessfaktorar

- Barna opplever glede, meistring og tilhøyrslé gjennom leik.
- Alle barn får moglegheit til å delta i leik og fellesskap.
- Personalet støttar, inspirerer og rettleier ved behov.
- Lekemiljøet er variert og tilpassa barna sine interesser.
- Barna får medverke i val av leiker og aktivitetar.

Fokusområde 2: Kultur i SFO

Mål: Barna skal få oppleve, utforske og skape kultur gjennom kreative aktiviteter, fellesskap og møte med ulike tradisjonar og uttrykksformer.

Vår SFO som arena for dette:

Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. Gjennom kulturaktivitetar får barna moglegheit til å uttrykkje seg, bruke fantasien og oppleve skaparglede. Kultur handlar for oss både om musikk, dans, drama, forming og litteratur, men også om tradisjonar, identitet, fellesskap og mangfald.

Ved Hjelmeland SFO legg me til rette for ulike formingsaktivitetar gjennom året. I samband med høgtidar og markeringar lagar me mellom anna pynt og gåvar. Barna får også moglegheit til å delta i kreative prosjekt, musikk, dans og show. Me nyttar mediateket når barna ønskjer å opptre eller vise fram noko dei har arbeidd med.

Me ønskjer at barna skal få kjennskap til ulike kulturar og tradisjonar. Derfor markere me mellom anna Samane sin nasjonaldag og høgtidar som er representert i barnegruppa. Me legg vekt på at barna skal få fortelje om seg sjølve, familien sin og bakgrunnen sin dersom dei ønskjer det. Gjennom kulturarbeidet ønskjer me å fremje respekt, nysgjerrigheit og forståing for mangfaldet i fellesskapet vårt.

Suksessfaktorar:

- Barna får moglegheit til å vere skapande og kreative.
- Ulike kulturar, tradisjonar og høgtidar blir synleggjorde.
- Barna opplever at bakgrunnen og identiteten deira blir verdsett.
- Personalet legg til rette for undring, skaparglede og fellesskap.

Fokusområde 3: Fysisk aktivitet og bevegelses glede

Mål: Alle barn skal oppleve glede, meistring, tilhøyrslø og sosialt samvær gjennom fysisk aktivitet på SFO.

Vår SFO som arena for dette:

Fysisk aktivitet er ein naturleg del av kvardagen i Hjelmeland SFO. Gjennom leik, aktivitet og friluftsliv ønskjer me å bidra til rørsleglede, meistring og gode opplevingar for alle barn. Fysisk aktivitet fremjar både motorisk utvikling, helse, sjølvttillit og sosialt fellesskap.

Store delar av ettermiddagane går med til frileik ute, der barna spring, klatrar, sykklar, spelar ball og utforske naturen saman. Me nyttar også område som Tarzanjungelen, Tufteparken, Tuntlandskogen, gapahauken og andre turmål i nærområdet. Her får barna oppleve glede ved å vere i aktivitet saman med andre.

Me ønskjer at alle barn skal finne aktivitetar dei trivst med. Derfor legg me til rette for både organiserte aktivitetar og frileik, og me tek omsyn til barna sine interesser og føresetnadar. I samarbeid med skulen nyttar me også TL-leikar (Trivselsleiar-programmet). Dette er aktivitetar som fremjar fellesskap, deltaking og fysisk aktivitet, og som mange barn kjenner frå skuledagen.

Suksessfaktorar:

- Aktivitetane er inkluderande og tilpassa ulike interesser og ferdigheitsnivå.
- Personalet motiverer og legg til rette for aktiv deltaking.
- Barna får vere med å påverke aktivitetar og leik.
- Nærmiljøet og uteområda blir nytta aktivt gjennom året.

Fokusområdet 4: Mat og måltidsglede

Mål: Alle barn skal oppleve matglede, fellesskap og gode måltidsvanar gjennom måltida på SFO.

Vår SFO som arena for dette:

Måltid er ein viktig del av kvardagen ved Hjelmeland SFO. Det handla om meir enn berre mat. Rundt bordet møtest barna til samtalar, fellesskap og gode opplevingar saman med både barn og vaksne. Me legg vekt på å skape trygge og hyggelege rammar rundt måltida, der alle barn opplever å bli sett og inkluderte. Dei vaksne deltek aktivt i måltid og bidreg til gode samtalar, trivsel og sosialt samspel.

Barna får vere med å påverke delar av menyen gjennom ønskje og innspel. På denne måten får dei oppleve medverknad og eigarskap til måltida. Me ønskjer å leggja til rette for matglede, nysgjerrigheit og positive erfaringar med ulike typar mat.

Gjennom måltida øver barna på sjølvstende og ansvar, mellom anna gjennom rydding, gode bordvanar og omsyn til andre. Måltidet er ein naturleg arena for læring, fellesskap og utvikling av sosiale ferdigheiter.

Suksessfaktorar:

- Måltida er prega av ro, trivsel og fellesskap
- Barna får medverke og kome med ønskjer til meny og måltid
- Dei vaksne deltek aktivt og er gode rollemodellar
- Måltid fremjar gode samtalar og sosialt samspel
- Barna opplever matglede og positive måltidsopplevingar.

5. Idepostkassen – ein arena for barns medverknad

Ved Hjelmeland SFO ønskjer me at barna skal oppleve at meiningane deira blir høyrde og tekne på alvor. Barns medverknad er ein viktig del av kvardagen vår og handlar om at barna skal få moglegheit til å påverke aktivitetar og innhald i SFO.

For å styrkja barns medverknad vil me frå skuleåret 2026-2027 ta i bruk ei idepostkasse. Her kan barna skrive eller teikne forslag til aktivitetar, turar, leikar, innkjøp eller andre ønskje dei har for SFO-kvardagen.

Kvar månad trekkjer me ut nokre forslag frå idepostkassen som me prøvar å gjennomføre i løpet av året. På denne måten får barna erfare at innspela deira har verdi og kan vere med å påverke innhaldet i SFO.

Målet med idepostkassen er å skape engasjement, eigarskap og medverknad, samtidig som barna får erfaring med å uttrykkje eigne ønskje og meiningar. Me ønskjer at alle barn skal oppleve at dei har ei stemme som blir høyrd, og at dei kan vere med å forme ein del av sin egen SFO-kvardag.

5.Samarbeid med heimen

Hensynet til barna sitt beste skal ligge i grunn når SFO samarbeidar med foreldre, skule og barnehage og andre offentlege instansar. (Rammeplan for SFO: 2021).

Ved Hjelmeland SFO ønskjer me å ha eit tett, ope og tillitsfullt samarbeid med føresette. Me legg vekt på god dialog og gjensidig respekt, og ønskjer at føresette skal kjenne seg trygg på at barna har det godt på SFO. Gjennom dagleg kontakt, informasjon og samarbeid kan me saman bidra til ein best mogleg kvardag for barna.

SFO skal gi føresette nødvendig informasjon om tilbodet, avklare forventningar og leggje til rette for at føresette kan vere med og bidra til vidare utvikling av verksemda. Me oppmodar føresette til å ta kontakt dersom dei har spørsmål, innspel eller behov for samtale.

Møter:

SFO har ikkje utviklingssamtalar, men ta kontakt dersom de har behov for ein samtale, så set me av tid til det. SFO leiar kan delta i skulen sin utviklingssamtalar dersom føresette ønskjer det. I samsvar med arbeidsmiljølova har personalet teieplikt.

SFO leiar kan delta på samarbeidsmøte som handlar om barn som går på SFO. SFO leiar uttaler seg til barnevernet dersom det blir etterspurt.

Kommunikasjon:

Me nyttar IST Home som hovudkanal for informasjon og kommunikasjon mellom heim og SFO. Gjennom IST Home skal føresette melde fråvær, ferie og endringar i henteavtalar, samt sende andre viktige beskjeder til SFO. Månadsbrev, informasjon om ferie-SFO og andre viktige meldingar vert også sendt ut gjennom IST Home.

IST Home er hovudkanalen for kommunikasjon mellom heim og SFO. Ved akutte situasjonar eller behov for rask kontakt kan føresette ta kontakt med SFO på telefon; 40439198.

Barnehage – Skule – SFO

Overgangen frå barnehagen til skule og SFO er ein viktig milepåle i barnet sitt liv. Ved Hjelmeland SFO ønskjer me å bidra til at overgangen vert trygg, positiv og forutsigbart for både barn og føresette.

Gjennom samarbeid mellom barnehage, skule, SFO og heim legg me til rette for at barna skal bli kjende med dei vaksne, dei andre barna og omgjevnadene før skulestart. Dette bidreg til å skape tryggleik og forventning til den nye kvardagen.

I løpet av våren får komande førsteklassingar høve til å besøkje skulen og SFO. Barna får delta i aktivitetar, utforske inne- og uteområda og bli kjende med rutinar og tilsette. Målet er at barna skal oppleve ein god samanheng mellom barnehage, skule og SFO, og møte skulestarten med tryggleik, glede og nysgjerrigheit. Når det er mogleg, deltek SFO-leiar på overgangsmøte barnehage og skule.

6. Praktisk informasjon

Informasjon om SFO på heimesida til Hjelmeland kommune

På heimesida til Hjelmeland kommune finn du informasjon om SFO:

[Skulefritidsordning \(SFO\) - Hjelmeland kommune](#)

Der finn du m. a informasjon om:

- Prisar på SFO
- Informasjon om og søknadsskjema til redusert foreldrebetaling
- Opningstider
- Informasjon om den enkelte SFO
- Vedtekter
- Ferie- og plandagar
- Lenkje til oppvekstportalen, kor ein m.a. søkjar om endring av plasstype og oppseiing av plass: [Sida mi | Velkomen til Hjelmeland kommune sin oppvekstportal! | Portal for opptak i barnehage og/eller SFO](#) . Førsette logger seg inn i oppvekstportalen, og går inn på plasseringa til barnet. Her vil de finne moglegheit for å seie opp plass eller endre plasstype.
- Timeplan legg dykk inn i IST Home

6.1 Feriedagar

SFO har ope alle virkedagar i 11 månadar, med unntak av 5 plandagar. I 2026/27 er SFO stengd pga plandagar på følgjande datoar: 12., 13., og 14.august, 04.januar og 07.mai.

SFO er også stengt 4 veker i juli, veke 27,28,29 og 30. I dei andre feriane er SFO ope dersom det er minst tre barn på SFO. Ved for få barn (1-2), kan desse barna få tilbod om

plass i ein annan SFO dei aktuelle dagane. Det kjem innlegg om påmelding til ferier via IST Home.

Fristar for å melde på barna i ferier er:

Haustferie: 13.9.2026

13.november: 25.10.2026

Juleferien: 29.11.2026

Vinterferien: 24.1.2027

Påskeferien: 28.2.2027

Sommarferie: 18.4.2027

6.2 Tilsette i SFO 2026/27

Ved Hjelmeland SFO møter barna trygge og engasjerte vaksne med ulik kompetanse og erfaring. Dei tilsette samarbeidar tett for å skape ein trygg, inkluderande og utviklande kvardag for alle barna.

Jovana Divjak (leiar)

Elisabeth Nesvik

Thea Nising Vatland

Anita Hjorteland Viken

Beate Langeland

Elisabeth Sæbø

Elisabeth Vaage Johansen

Marie Hauge

Flona Khano (Vikar)

6.3 SU-samarbeidsutvalet

Dersom foreldra har sakar angåande SFO som dei vil ta opp i samarbeidsutvalet, er det mogleg å ta det opp med SFO-leiar, rektor eller foreldrerepresentantane frå skulen.

6.4 Foreldresamarbeid

Personalet evaluere arbeidet sitt kontinuerleg. Me ønskjer at samarbeidet mellom foreldre og dei tilsette i SFO skal være prega av openheit. For at dette skal fungere best

mogleg treng me tilbakemeldingar frå brukarane våre som er barn og føresette. Ta kontakt om stort og smått. Me vil ha lågast mogleg terskel for å ta opp ting.

6.5 Klede og utstyr

For at barna skal få gode opplevingar på SFO, er det viktig at dei har klede og utstyr som er tilpassa årstid, vær og aktivitetar. Store delar av dagen på SFO vert tilbrakt ute, og me er ute i all slags vær.

Barn bør til ei kvar tid ha skifteklede liggjande på skulen/SFO. Me oppmodar føresette til jamleg å sjå over garderoben og fylle på med det barnet treng. Alt av klede, sko og anna utstyr må vere merkt med namn.

Barna skal ha eiga drikkeflaske til bruk på skulen. Drikkeflaska som vert brukt på SFO må oppbevarast i sekken, då me ikkje har plass til oppbevaring av drikkeflaskar på basen. Me oppmodar føresette til å kontrollere at drikkeflaskar, matboksar og klede vert tekne med tilbake etter helger og feriar.

Siste fredag i kvar månad skal alle klede, sko, leikar og anna utstyr som ligg på SFO takast med heim. Dette gjer me for at føresette kan gå igjennom klede og utstyr, medan personalet får høve til å vakse og rydde garderobar, hyller og felles utstyr. Ved skulestart og før sommarferien ber me om at alt av klede og utstyr vert teke med heim.

6.6 Opningstider, dagsrytme, timeplan og rutine

SFO er open frå kl. 07.00-08.50 om morgonen og frå skuleslutt – 16.15. På tysdagar startar ettermiddags-SFO kl. 13.15 etter leksehjelp, medan SFO på fredags ettermiddag startar kl. 11.30. **Barna som skal på SFO på tysdag ettermiddag må søkje leksehjelp!**

Me legg vekt på faste rutinar og ein føreseieleg kvardag som skapar tryggleik for barna. På morgonen har barna med eiga matpakke til frukost som dei et når dei kjem til SFO.

Når skuledagen er slutt, møtar barna ved SFO-inngangen og ventar til ein vaksen tek imot gruppa og registrerar barna inn på SFO. Etter dette deltek barna i måltid, leik og aktivitetar.

Tysdagar og fredagar går det buss kl. 14.30 for barna som er på SFO og skal reise heim med buss. **Me må ha beskjed på forhand kven av barna som skal ta buss.** Ved skulestart får førsteklasingane ekstra støtte i overgangane mellom skule, SFO og buss. Fram til haustferien vil ein vaksen hente førsteklasingane etter skuletid og hjelpe dei inn på SFO. På same måte vil ein vaksen følgje bussbarna til bussen kl. 14.30, der dei vert tekne imot av bussvaktar.

Under finn de eit døme på korleis ein vanleg SFO-dag kan sjå ut:

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
07.00-08.40 Frukost Frileik, spel og forming	07.00-08.40 Frukost Frileik, spel og forming	07.00-08.40 Frukost Frileik, spel og forming	07.00-08.40 Frukost Frileik, spel og forming	07.00-08.40 Frukost Frileik, spel og forming
08.40-09.00 Ryddetid –song Friminutt før skulestart	08.40-09.00 Ryddetid –song Friminutt før skulestart	08.40-09.00 Ryddetid –song Friminutt før skulestart	08.40-09.00 Ryddetid –song Friminutt før skulestart	08.40-09.00 Ryddetid –song Friminutt før skulestart
09.00-14.30 Skule	09.00-13.15 Skule	09.00-14.30 Skule	09.00-14.30 Skule	09.00-11.30 Skule
14.30-15.00 Opprop og mat	13.15-13.30 Opprop og samling	14.30-15.00 Opprop og mat	14.30-15.00 Opprop og mat	11.30-12.00 Opprop,runde, samling
15.00-16.15 Frileik, spel og forming på SFO Aktivitatar Val mellom inne eller ute	13.30-13.50 Mat og matgrupper Mat ute	15.00-16.15 Frileik, spel og forming på SFO Aktivitatar Val mellom inne eller ute	15.00-16.15 Frileik, spel og forming på SFO Aktivitatar Val mellom inne eller ute	12.00-ca 12.45 Mat og matgrupper
	13.50-14.20 Ute SFO			12.45-14.20 Aktivitatar Se månad plan
	14.20-14.30 Oppteljing Sende buss elevane til buss			14.20-14.30 Oppteljing Sende buss elevane til buss
	14.30-16.15 Frileik Ute SFO			14.30-16.15 Tilbod om matboks Frileik ute og/eller inne

6.7 Kontaktinformasjon til SFO

Du kan ringja til SFO i opningstida.

SFO mobil: 404 39 198

SFO leiar: Jovana Divjak

Mobil: 99114838

E-postadresse: jovana.divjak@hjelmeland.kommune.no

6.8 Plan for aktivitetar dette SFO året

Periode	Aktivitetar på SFO	Viktige datoar / hendingar
August	Bli kjent med barn og vaksne på SFO Bli kjent med skulen, SFO og uteområde Bli kjent med reglar og rutinar Frileik ute og inne	Første skuledag 17.8.26 Sende ut påmelding til haustferien 31.8, frist 13.9
September	Friluftsseke og vennskapsseke	
Oktober	Halloween	Hautferie: 5.-9.10 Sende ut påmelding til plandag (13.november) 19.19, frist 25.10
November	Lage julegåvar	Plandag på skulen, SFO er open: 13.11 for påmeldte Sende ut påmelding til juleferien 16.11, frist 29.11
Desember	Julekalendar og adventstund Nissefest	Juleferien 21.12.26-4.1.27
Januar	Vinter aktivitetar	4.1 Plandag SFO stengt 5.1 Første skuledag Sende ut påmelding til vinterferien 11.1 , frist 24.1
Februar	Samenes nasjonaldag	Sende ut påmelding til påskeferien 8.2, frist 28.2 Vinterferie 15.2-19.2
Mars	Påske forbredelser Vennskapsseke	Sende ut påmelding til sommerferie 15.3, frist 18.4 Påskeferie 22.3-29.3
April	Friluftsseke	
Mai	17.mai seke	6.5 – SFO stengt 7.5 – SFO stengt plandag 17.5 – SFO stengt 2.pinsedag/grunnlovssdag
Juni	SFO-festival	21.6 – Siste skuledag Sommarferie SFO 22.6-2.7 Sommarferie SFO 2.8-?

